



*”Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag
ta vare på, forvalta og utvikla
natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins,
til allmennyttige føremål,
til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper.”*

Årsmelding 2009

Valestiftinga

Styret har det siste året vore samansett slik:

Even Heimstad, vara Kjell Einar Thorkildsen	På valg
Synnøve Handeland, vara Karin Harsvik	2010
Kristian Bringedal, vara Sissel Årseth	
Jarle Mehammer, vara Jorunn Avsnes	
Reidar Handeland, vara Rune Thorkildsen	<i>På valg</i>
Sven Løkeland, vara Arnt Idar Teigen	<i>2012</i>
Ove Tvedt, vara Jon Inge Brendeland	
Arnfinn Mølster, vara Kari Grete Sande	

Intern arbeidsfordeling 2009

Leiar: Reidar Handeland

Kasserar: Jarle Mehammer

Skrivar: Sven Løkeland

Søknader: Karin Harsvik

Lov & rett: Synnøve Handeland

PR/Internett: Kjell Einar Thorkildsen

Ansvar/Arb.utval:

Kaien: Arnfinn Mølster, Even Heimstad, Rune Thorkildsen

Buo: Reidar Handeland, Sven Løkeland

Postvegen: Ove Tvedt, Arnt Idar Teigen, Jarle Mehammer

Turvegar/Stiar: : Sven Løkeland

Gamle Kraftstasjon: Reidar Handeland, Rune Thorkildsen, Jarle Mehammer

Galtens Venner: Reidar Handeland, Sven Løkeland.

Møter og hendingar 2009:

Møter:

- Styremøte 24.02.2009
- Årsmøte Valestiftinga 24.03.2009
- Styremøte 12.05.2009
- Styremøte 21.12.2009
- Valen sjukehus 100-årsjubileum komite (Reidar/Sven)
- Vår-fest-i Valen. Fleire møter
- Møte med Fylkeskonservator, Sunnhordland museum og ABMU
- Møte med prosjektgruppe kraftverk/KVV, Lars Kallevik



*"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag
ta vare på, forvalta og utvikla
natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins,
til allmennyttige føremål,
til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."*

Anna:

- Vårfest-i-Valen: Kulturminneåret "Vatn" . Svartatjødn 07.06.09.
- Jonsokfeiring, tradisjon på Buo. Underh. Magnar Eide trekkspel
- Kulturminneåret, markering Postvegen/Vegvesenet 20.09.09
- Kultur og drøsekveld på Buo 28.11.2009, underh. Håkon Røstbø og døtrer.

Prosjekt og aktivitetar

- Kaien og Buo
- Postvegen
- Turvegar / Stiar
- Gamle Kraftstasjonen
- Toalettanlegg ved kaien
- Sagefallene. Lavvo og Bru
- Kystlaget og Grindverksnaust ved Nyasago
- Galtens venner

Kaien

Det har i 2009 ikkje vore utført vidare arbeid på kaien. Arbeid som står att her er avslutninga med skjørt på nordsida. Lys på kaien er og prioritert.

Buo

Arbeid med skifting av bordkledning har halde fram i 2009. og kledning er no skifta så og sei på heile Bua. Det står att litt småarbeid, mellom anna hjørnebord og vannbord. Maling av Bua har i nokon grad vore utført etter kvart som kledinga er komme på plass. Det vart i 2009 og skifta ut mykje reisverk som er sett inn til erstatning for rote. Utskifting av alle vindauger er no ferdig utført. Vi fekk i 2009 tildelt kr 20.000 frå "Kulturarven - Ta eit tak" til ny skyvedør og til nytt golv i øverste høgda. Nytt golv med breie bord er lagt på loftet og nye isolerte skyvedørar er montert. Paneling i 1 etg er ikkje ferdig, men dette arbeidet må sjåast i samanheng med løysing for kjøkenkrok og løysing for peis og omn/pipe som enno ikkje er avklart. Dette er prioriterte prosjekt som vi vonar kan bli utført i løpet av 2010. Første prioritet er no å få gjort ferdig 1.etg til permanent bruk. Nytt elektrisk inntak med nytt sikringsskap vart installert hausten 2009. Dei store Bidragsytarar til Buo i 2009 har vore Fjelberg Kraftlag med Kr 70.000 og "Kulturarven" med kr 20.000.



*"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag
ta vare på, forvalta og utvikla
natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins,
til allmennyttige føremål,
til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."*

Sanitæranlegg på kaien

Varig toalettløsning for kaien har høg prioritet. Ole Johan Handeland har utført gravearbeid med omsyn til avløp til kommunal kloakk og ny vassleidning til Buo og toalettanlegget. Den gamle vassleidningen var heimsøkt av store lekasjar og er på det meste skifta ut fram til hovudledningen. Brakka som vart kjøpt inn frå Byggekompaniet for å bli toalett, vart avskriven på grunn av roteskader. Styret har beslutta at nytt toalettbygg skal setjast opp frå grunnen av. Vi ynskjer i samband med dette få etablert handicapttoalett. RTR-røyr har meldt at dei vil sponsa ei slik løysing. Vi håpar å ha ei tilfredstillande toalettløsning klar innan utgangen av mai 2010.

Postvegen

Abeidsutvalet for postvegen har ikkje hatt møte i 2009, men har organisert 270 m restaurert Postveg midt i bygda. Brua i Eplehagen vart og sett istand. Vegen knyter saman to byggefelt, men er ikkje "brukande" til samanbinding av hovuddelane av Postvegen på Valen. Til det er trasséen opp Eplehagen og langs bøgarden til Severin som må brukast. På slutten av året tok arbeidet med Postvegen gjennom "Teigen sentrum" til. Mange takk til Kåre Helland som har gjort alt maskinarbeid. Samla er det gjort 165 dugnadstimar. Arbeidsutvalet har det siste året vore sett saman slik: Jarle Mehammer, Arnt Idar Teigen, Karin Harsvik, Hans Petter Boge og Ove Tvedt. Me vil foreslå at Kåre Helland går inn i arbeidsgruppa etter Hans Petter Boge som no er flytta frå bygda.

Turvegar, stiar og rastehytte på Valøya/"Brubyggjarane".

Lavvoen ved fyrstikkfabrikken har vore eit hovudprosjekt i 2009. Ferdigstilling er planlagt på vårparten 2010, Likeeins er det gjort klart for eit bruprosjekt ca 50 m nedstraums den gamle kraftstasjonen. Tilrettelegging i samband med 100-års jubileet for Valen sjukehus har på mange måtar vore drivkrafta for desse prosjekta. Rastehytta på Valøya er komme opp. Iherdig innsats frå "Brubyggjarane" og post I gjorde det mulig å komma i hamn med omsyn til tidsfrist for å få utbetalt spelemidlar på kr 26.000 for dette prosjektet.



*"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag
ta vare på, forvalta og utvikla
natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins,
til allmennyttige føremål,
til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."*

Valestiftinga.no

Heimesida vår har hatt nærare 8200 besøk sidan oppstarten i april 2005. I 2009 vart det registrert kring 1000 nye besøk. Ein flott ny biletserie med nye og gamle bilder vart i mai lagt inn på den gamle heimesida, men intensjonen er at vi i 2010 kjem opp med ei ny side som vil vera meir handterleg og dynamisk slik at vi kan bruka denne kanalen meir aktivt for informasjon til "allmugjen".

Kvinnherad Kystlag og prosjekt "Fjordmannsnaustet".

Kvinnherad kystlag har på dugnad sett opp "Fjordmannsnaustet" på tomta ved Nya Sago. Naustet er eit grindverksnaust, oppført i grove dimensjonar med material frå valeskogen og skal tena til vinterlagring av kystlaget sin gavelbåt, "Fjordmann". Det er skriva kontrakt med kystlaget om bruk av naustet. Valestiftinga står som offisiell eigar av naustet, men den utskilde nausttomten er framleis eigd av fylket.

Gml. kraftstasjonen

Eigen årsmelding for 2008 er sendt til Hordaland Fylkeskommune. Sjå vedlegg.

Økonomi

Årsrekneskap 2009, sjå vedlegg.

Grasrotandelen / Norsk tipping

Valestiftinga er representert i Grasrotandelen og mottok kr 2.741 frå Norsk tipping. Vi hadde i året som gjekk ca 20 innmeldte spelarar.

Galtens venner

Galtens venner har som føremål å ivareta gamle kulturminner og tradisjonar i Valebygda og er Valestiftinga sin medlemsorganisasjon. Leiar vert valgt av styret i stiftinga. Det årlege numererte medlemsbeviset i form av "Aksjebrev" til kr 100 vart i 2009 seld i eit antal av 47.

Me takkar for all støtte i året som gjekk !

Styret
23.03.2010